



HELSE - MILJØ - SIKKERHEIT	KAP. C
Etat/av. SKULESEKTOREN	C. 11.2.1.
C. GJENNOMFØRINGSDEL	Godkj.:
Utarbeidt av:	Dato:
	Side 1 av 2

TRYGGINGSREGLAR FOR SKULEN SIN BRUK AV SELJORD SYMJEHALL

1. Når bassenget ikkje er i bruk og lærar ikkje er til stades, skal alle dørere vere låst. (Dette gjeld også i friminutta).
2. Elevar har ikkje tilgjenge til bassenget utan tilsyn av lærar.
3. Den einsskilte lærar avgjer om han/ho vil drive startsstupsundervisning. Stup skal ved slike høve alltid gå føre seg frå den kortsida der bassenget er djupast, og læraren skal alltid ha tilsyn med stupinga.
4. Løp og leik rundt bassenget er forbode, då golva kan vere glatte.
5. Det er strengt forbode å:
 - a) skyve kvarandre ut i bassenget.
 - b) dukke kvarandre dersom dette ikkje går inn som ein naturleg og kontrollert del av symjeopplæringa.
6. Med omsyn til tryggleiken, bør det ikkje vere fleire enn om lag 30 elevar i bassenget om gongen.
7. Dersom talet på elevar er høgare enn 15, skal det vere to lærarar i bassenget.
8. Symjelærarar må kunne:
 - a) Symje og livredning.
 - b) Utvendig hjartemasasje.
 - c) Praktisere oppliving etter innblåsingsmetoden.
9. Telefonen i symjehalla skal vere lett tilgjengeleg, med tydeleg oppslag om nr. til ambulanse, lækjar o.a.
10. Det skal vere godkjent utstyr for symjeundervisning og livredning i symjehalla.
11. Det må vere utstyr som kan nyttast av alle, uansett medisinsk skoleing, til førstehjelp av blautdelsskader og handsaming av sår, forstuingar, slag og anna, d.v.s. primært utstyr til nedkjøling, kompresjon samt sårforbinding.
12. Alle vikarar skal gjerast kjende med og tilfresstille desse vilkåra.
13. Desse tryggingssreglar skal vere slått opp i garforbøane og delast ut til alle symjelærarane.